

Planmelding 01/2014

1. Oppstart arbeid med Utbyggingsavtale

Elvaåsen – planID 1256 2011 0003

Varsel om oppstart av arbeid med utbyggingsavtale for gjennomføring av bustadfeltet Elvaåsen på Frekhaug, jf plan- og bygningslova kap.17.

Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er **18.04.2014**.

2. Offentleg ettersyn av reguleringsplan

Utval for drift og utvikling har i møte 10.12.2013 lagt følgjande framlegg til reguleringsplanplan ut på nytt offentleg ettersyn, jf plan- og bygningslova § 12-10:

Hoplandsdalen jorddeponi– planID 1256 2009 0003

Framlegget til plan skildrar og legg til rette for mellom anna etablering og drift av jorddeponi, utbetring av veg og opparbeiding av GS-veg.

Planframlegget er utlagt til offentleg ettersyn i **perioden frå 12.03.2014 til og med 25.04.2014**. Offentlege partar, organisasjonar og grunneigarar innafor planområdet vert varsla særskilt.

3. Godkjente reguleringsplanar

Meland kommunestyre har i møte 25.09.2013 gjort vedtak om endring og godkjenning av følgjande reguleringsplanar, jf plan- og bygningslova § 12-12, 2.ledd:

Naustvika – planID 1256 2002 1218

Reguleringsplanen syner mellom anna tomt for bustad og fritidsbustad, småbåtanlegg og tilkomst frå offentleg veg.

Elvaåsen – planID 1256 2001 0003

Området er regulert til bustader med tilhøyrande anlegg, friluftsføremål og naturføremål.

Godkjenningsvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf plan- og bygningslova §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er **11.04.2014**. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune for vurdering av kommunestyret før den vert vidaresendt til Fylkesmannen.

4. Generelt

Planframlegg og godkjente reguleringsplanar er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og i digitalt planarkiv. Ein

finn link til BRAPLAN på www.meland.kommune.no. Velg Meland kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

Merknader, innspel eller eventuell klage må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Verknad av godkjent reguleringsplan

Godkjend reguleringsplan er, etter plan- og bygningslova § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innafør planområdet, jf plan- og bygningslova § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, medrekna bruksendring etter § 31-2, jf også § 1-6, 2. ledd, må ikkje vere i strid med arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for behandling av søknad eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokstav a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-3 og krav om innløyising etter § 15-2, må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.